


Årsmelding 2017

2017 var det 11. heile driftsåret til Aardalens Venner etter skipinga i mars 2006.

Medlemmar i laget

Heller ikkje i 2017 lukkast det å auke talet på medlemmar særleg:



Figuren over viser korleis medlemstalet har utviklinga seg sidan oppstarten. Laget har i fleire år slite med å skape eit tilfredsstillande engasjement i arbeidet med Årdalen. Det er no tungt å drive laget vidare.

Styret i Aardalens Venner

Etter at styret på fem personar hadde vore nesten uendra sidan oppstarten i 2006, var det eit visst behov for fornying. Tre nye og yngre personar vart valt inn i styret i 2016:

- Wenche Leknesund, leiar
- Magnar Osmundsvåg, nestleiar
- Per Arne Berge, styremedlem
- Siw Fure, styremedlem
- Tormod Austring, styremedlem

Varamedlemmar:

- Sissel Honningsvåg Solheim
- Terje Hovden, kasserar

Allereie no ynskjer tre av styremedlemmane å trekkje seg. I ei lita bygd er det ofte dei same personane som stiller på alle tiltak til beste for lokalsamfunnet.

Styret har hatt to møter i 2017.

Til minne

Skadane Jan Hammersvik fekk i sykkelulukka 6. juni

2016, var så alvorlege at livet dessverre ebba ut 16. november 2017. Jan vart om lag 76 ½ år gammal.

Jan var initiativtakaren til at Aardalens Venner vart skipa i 2006, og var heile tida den naturlege leiaren for vennelaget. Ei brennande interesse for å ta vare på bygningane og kulturlandskapet i Årdalen, er likevel berre eitt av mange eksempel på hans omtanke for kultur og trivsel i Selje-samfunnet.

Jan var alltid positiv, hadde stor arbeidskapasitet, knytte lett kontakter, og var uthaldande. Gjennom mange år fekk han løyst ut offentlege midlar til nødvendig vedlikehald i Årdalen. Samstundes fekk han i stand skjøtselsavtale med fylkeskommunen som har som føremål å få tilbake den naturlege vegetasjonen på slåtteteigane på bruket.

Saknet etter Jan er stort, og det er endå uvisst i kva grad Aardalens Venner greier å mobilisere nye krefter til å føre arbeidet i Årdalen vidare.

Vi lyser fred over Jan sitt minne.

Økonomisk støtte

Siste året har ikkje vennelaget motteke direkte økonomisk støtte frå det offentlege. Det kan likevel vere at godtgjersle for 2017 blir etterbetalt av Statens Landbruksforvaltning i samsvar med skjøtselsavtala mellom Aardalens Venner og Fylkesmannen.



Aktivitetar siste året

Det har ikkje vore utført vedlikehaldsarbeid på bygningane siste året bortsett frå tildekking av gavlveggen på kårhuset. Det er kårhuset (Gamlestova) som

no står for tur, men det har endå ikkje vore økonomi til å starte arbeidet. Råtskada tømmer må skiftast ut, vindauge (alt innkjøpt) må skiftast, og bygget må få ny utvendig kledning. Kanskje kan dette gjerast i 2018 om finansiering kan ordnast.

Av aktivitetar 2017 kan nemnast:

19.4.: Trude Knagenhjelm (landbruksrådgjevar hjå fylkesmannen i Sogn og Fjordane) heldt informasjonsmøte i Stadlandet grendehus om utvalde kulturlandskap i jordbruket. Årdalen er ein del av kulturlandskapet Hoddevik - Liset.

28.5.: Grunneigarane utførte vedlikehaldsarbeid på naustet på Rydjajorda og på brua over elva i Årdalen.

4.6.: Aardalens Venner skipa til «open dag» med sveler og kaffi. Coop Prix sponsa. Godt besøk, også av utanbygdsfolk med røter i Årdalen. Kr 940 i salsinntekt.

Gasskokeapparat i gåve frå Kenneth Vederhus.

Sept.: Utført slåttearbeid i tunet og på «Inste ekra».

19.9.: Fagforbundet vart guida i Årdalen av Wenche. Inntekt til laget kr 1 000.

25.9: Wenche og Per Arne var guidar når representantar frå fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland (og Havrå-tunet) var på synfaring. Gode tilbagemeldingar på utført arbeid.

Okt.: Sende søknader om økonomisk støtte til Marine Harvest, Sparebanken Vest og «Ta et tak»-aksjonen. Førebels motteke melding om kr 20 000 i støtte frå sistnemnde (på spesielle vilkår).

Våningshuset er no i så god stand at grunneigarane ved fleire høve har brukt det også til overnatting.

Økonomi

Resultatrekneskapen for Aardalens Venner er lagt inn nedanfor.

Til slutt

Alle gode krefter er velkomne i vennelaget for å ha god framdrift i vedlikehalds- og skjøtselsarbeid.

Minner om heimesida – stor takk til Inge Bakke for all hjelp med denne. Takk til Inge Bakke og Håkon Berstad som gjennom mange år har revidert rekneskapen til laget.

Selje, 5. mars 2018

For styret i

Aardalens Venner

Wenche Leknesund

Leiar

Resultatrekneskap 2017

Rekneskapsperiode: 1.1. – 31.12. 2017

		Debet	Kredit
Inntekter:			
Medlemskontingent - enkeltmedlemmar	kr	2 500,00	
Sal sveler open dag 5.6.-17	kr	940,00	
Lån Årdalen - Fagforbundet		1 000,00	
Renteinntekter	kr	15,00	
Utgifter:			
Plugg til kantklipper	kr		198,00
Bårebukett Jan Hammersvik	kr		640,00
Bankgebyr	kr		6,00
Sum transaksjoner 2017	kr	4 455,00	844,00
Differanse inntekter – utgifter i 2017	kr	3 611,00	

Status

		Pr. 31.12.-16	Pr. 31.12.-17
Behaldning brukskonto 3790 13 23209	kr	27 773,54	31 384,54
Behaldning tilskotskonto 3790 13 97784	kr	3,00	3,00
Auke i kontantbeholdning 2016	kr	3 611,00	
	kr	31 387,54	31 387,54

Selje, 17.1.2018

Terje Hovden
kasserer